

- § 2 Fellesføresegner**
- § 2.1 Plankrav**
- 2.1.1 Utbygging innanfor områda BF1, BF2, F1 og F2 kan ikkje finna stad utan godkjend detaljreguleringsplan.
- § 2.2 Byggegrenser**
- 2.2.1 Nye bygg skal plasserast innanfor byggegrensa.
- 2.2.2 Tiltak nemnt i Pbl § 29-4 b kan plasserast nærare nabogrensa enn regulerte byggegrenser.
- § 2.3 Dokumentasjon til byggemelding**
- 2.3.1 Ved innsending av rammesøknad skal det leggjast ved teikningar av plan, snitt og fasadar, profiler og situasjonsplan i målestokk 1:500 der det vert gjort greie for avkjørsler, eksisterande og framtidig terreng, vegetasjon, forholdet til nabobygg, eventuelle murar, trappar, gjerder og uteopphaldsareal.
- 2.3.2 Tiltak i sjø slik som kaier og flytebrygger, vil krevje løyve frå Bergen og Omland Havnevesen.
- § 2.4 Rekkefølge**
- 2.4.1 Før VEG 6 kan takast i bruk skal ferist ved påkjøringa til VEG1 vera på plass.
- 2.4.2 VEG2 må vere ferdig opparbeid før tiltak på FTF2-5 kan takast i bruk.
- 2.4.3 Før GVEG7 kan takast i bruk skal fjellsikring, jfr. geolograpport, vera gjennomført.
- § 2.5 Krav til utforming**
- 2.5.1 Ny utbygging skal tilpassast eksisterande terreng og vegetasjon, og fylgje Lindås kommune sine estetiske retningslinjer.
- 2.5.2 I strandsona vert det ikkje tillete å sprengje/ fylle opp/ grave ut meir enn 0,5m i høve opphavleg terrengnivå.
- 2.5.3 Nybygg i strandsona vil få eit særskilt krav om tilpassing til eksisterande bygningsmiljø når det gjeld formelement og materialbruk.
- 2.5.4 Ved utarbeiding av byggeplanar skal det leggjast vekt på miljømessige kvalitetar i val av materialar, vegetasjon og belysning.
- § 2.6 Universell utforming**
- 2.6.1 Ved detaljplanlegging av bustadområda sitt inne- og utemiljø skal prinsippa om universell utforming leggjast til grunn. Universell utforming skal dokumenterast i utomhusplan og i søknad om byggeløyve.
- § 2.7 Automatisk freda kulturminne**
- 2.7.1 Dersom funn, gjenstandar eller konstruksjonar vert oppdaga i samband med gravearbeid, skal arbeidet stansast omgåande og fylkeskonservator underrettast, jf. Lov om kulturminne §8,2. ledd og merknad frå Hordaland Fylkeskommune.
- § 3 Busetnad og anlegg**
(PBL-08 § 12-5 ledd nr 1)
- § 3.1. Frittliggjande småhusbusetnad**
- 3.1.1 I områda BF1 – BF2 skal det berre byggast einbustader og det vert ikkje tillete utbygging før det føreligg godkjend detaljreguleringsplan.
- 3.1.2 Maksimum mønehøgde er 9 meter over gjennomsnittleg planert terreng.
- 3.1.3 Maksimal tomteutnytting inklusiv parkering for frittliggjande einbustader er BYA = 30%.
- 3.1.4 Bustadene skal ha parkeringsdekning på 2 bilar pr eining på eiga tomt.